

Olje- og energidepartementet,
Einar Gerhardsens plass 1,
Postboks 8148 Dep,
0033 OSLO

Otta 18.01.2011

Regionrådet i Nord-Gudbrandsdal vil kome med fylgjande kommentar til Lov om elsertifikater:

Vi ser kor viktig det er med ny fornybar energi, og vi ser at utbygging av småkraft kan gje store ringverknader som attåtnæring i form av inntekter og arbeidsplassar i distrikta og i fråflyttingstrua område.

Det er viktig at mikro og minikraftverk er en del av sertifikatmarkedet med Sverige. Dette vil gi et viktig bidrag til å produsere meir fornybar energi i Norge. Det er uheldig at overgangsordninga ikkje inkluderer småkraftverk med installert effekt mellom 1MW og 10 MW med byggjestart etter 01.01.2004 og som fleire forventa at skulle vere med i elsertifikatordninga. Om overgangsordning og sertifikatmarkedet inkluderte disse kraftverka, vil det gje meir skatteinntekter til stat, fylke og kommunane, og det vil ikkje belaste forbrukarane med høgare straumpris samla sett; ifylgje lovforslaget og i fylgje konsulentfirmaane Econ Pöyry og Thema Consulting Group.

Vi bed derfor om at alle verk med byggjestart etter 01.01.2004 vert inkludert i ordninga.



Per Dag Hole (sign)
Ordfører i Lesja



Rune Øygard (sign)
Ordfører i Vågå



Bengt Fasteraune (sign)
Ordfører i Dovre



Simen Bjørgen (sign)
Ordfører i Lom



Dag Erik Pryhn (sign)
Ordfører i Sel



Rolv Kristen Øygard(sign)
Ordfører i Skjåk